

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Av omsyn til landskapsverdier og friluftsjnteresser rår Hordaland fylkeskommune fra utbygging av Fjellhaugen kraftverk.

Om NVE likevel godkjenner søknaden gjer HFK merksom på følgjende forhold: Nedstraums inntaket frå Krokavatn vil Hordaland fylkeskommune av omsyn til sårbart høg fjell av stor verdi, inngrepsfrie naturområde og friluftsliv tilsier til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskarakteren og opplevingsverdien vert teken i vare. Av same grunn bør NVE vurdere høgare sommarvassføring nedstraums inntaket frå Verahaugen om tiltaket godkjennes.

Når det gjeld Nedstraums inntaket frå Kvanngjørhorga vil Hordaland fylkeskommune rå til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskvalitetane i eit mykje brukt friluftsområde vert teken i vare. Av omsyn til landskap og kulturminne bør det planlagde deponiet i Gaddaneskleivo flyttast til magasinet i Blådalsvatnet. Av visuelle omsyn vil Hordaland fylkeskommune rå til kabling av ny 300 kV leidning i området mellom Staffivatn og Røytehølen. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG)

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fjellhaugen kraftverk.
2. Nedstraums inntaket frå Krokavatn vil Hordaland fylkeskommune av omsyn til sårbart høg fjell av stor verdi, inngrepsfrie naturområde og friluftsliv rå til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskarakteren og opplevingsverdien vert teken i vare.
3. Av same grunn som i pkt. 2 bør NVE vurdere høgare sommarvassføring nedstraums inntaket frå Verahaugen.
4. Nedstraums inntaket frå Kvanngjørhorga vil Hordaland fylkeskommune rå til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskvalitetane i eit mykje brukt friluftsområde vert teken i vare.
5. Av omsyn til landskap og kulturminne bør det planlagde deponiet i Gaddaneskleivo flyttast til magasinet i Blådalsvatnet.
6. Av visuelle omsyn vil Hordaland fylkeskommune rå til kabling av ny 300 kV leidning i området mellom Staffivatn og Røytehølen.
7. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som lågt. Området er i stor grad påverka av utbygging frå før og rørgater/vassoverføringar vil i all hovudsak gå i tunnel.
8. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.